

Nasjonal leiarutdanning for primærhelsetenesta – søknadsfrist 15. april 2020 for opptak til studiet som startar hausten 2020

Styrka leiarskap i kommunale helse- og omsorgstenester er eit prioritert område for regjeringa. Nasjonal leiarutdanning for primærhelsetenesta er eit sentralt verkemiddel for å nå måla i arbeidet med utfordringane i tenestene.

Utdanninga som BI tilbyr, er resultat av eit samarbeid mellom KS og Helsedirektoratet.

Frå hausten 2020 vil bli høve til å søkje oppstart i ny klasse ved BI Stavanger. I tillegg vil det som tidlegare vere høve til å søkje til ein av dei tre nye klassane som startar hausten 2020 ved BI i Oslo.

Søknadsfrist 15. april 2020 til:

<https://www.bi.no/studier-og-kurs/kurs/masterprogram/helseledelse/>.

Utdanninga rettar seg primært til leiarar i helse- og omsorgstenesta i kommunar og tannhelsetenesta i fylkeskommunar. Dette omfattar t.d. leiarar i psykisk helsearbeid og rusarbeid, kommunale institusjonar og sjukeheimar, heimebaserte omsorgstenester, helsestasjons- og skulehelsetenesta, habiliterings- og rehabiliteringstenesta, offentleg tannhelseteneste, m.a. overtannlegar og klinikkleiarar.

Studiet er eit samlingsbasert masterprogram som gir 30 studiepoeng. Det er sett saman av 6 samlingar på 3-4 dagar i løpet av eit studieåret (haust/vår), inkludert ein utanlandsmodul.

Studiet omfattar bl.a. ei praksisorientert prosjektoppgåve om innovasjon og endring i eiga verksemd.

Tema på samlingane er:

Samling 1: *Leiarskap og samhandling i kunnskapsorganisasjonar*

Samling 2: *Strategisk forvaltning og utvikling av kompetanse*

Samling 3: *Organisasjonskultur og gruppedynamikk i helse- og omsorgstenestene*

Samling 4: *Leiarskap i innovasjon og endring*

Samling 5: *Leiarskap og økonomi: styring i offentleg forvaltning*

Samling 6: *Jus, internkontroll og etikk*

Studieavgifta er dekt av Helsedirektoratet gjennom oppdraget til BI om å tilby utdanninga.

Reise og opphald må dekkjast av den enkelte. Det er mogeleg å søkje om tilskot frå KS til gjennomføring av studiet.

Rambøll har på oppdrag frå Helsedirektoratet ansvar for å evaluere leiarutdanninga. De kan lese meir om dei gode evalueringsfunna på Helsedirektoratet si heimeside for Kompetanseløft 2020:

<https://www.helsedirektoratet.no/om-oss/forsoksordninger-og-prosjekter/kompetanseloft-2020> .

Likeins kan de også lese om leiarutdanninga på KS si nettside her:

<https://www.ks.no/fagomrader/arbeidsgiverpolitikk/ledelse-og-organisering/sok-pa-nasjonal-leiderutdanningfor-primarhelsetjenesten/>.

Vennleg helsing

Sigrun Heskestad

Prosjektleder Kompetanseløft 2020

Avdeling kommunale helse - og omsorgstenester/N6014

Mobil 906 30 899

Helsedirektoratet

Postadresse: Pb 220 Skøyen, 0213 Oslo

Besøksadresse: Vitaminveien 4, 0485 Oslo

<https://helsedirektoratet.no> <https://helsenorge.no/>